

Dato: 08.09.2020

Til: Finansutvalet

Sektorbudsjett 2021- Politisk styring, kontrollorgan, organisasjon og økonomi

1 Sektorbudsjett - løyvingsnivå

Tabell med driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter.

Alle tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Politisk styring	Brutto driftsutgifter	55 546	58 546
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	55 546	58 546
Kontrollutval	Brutto driftsutgifter	13 857	13 857
	Driftsinntekter	- 3 361	- 3 361
	Netto driftsutgifter	10 496	10 496
Eigedom - drift og vedlikehald	Brutto driftsutgifter	560 788	560 088
	Driftsinntekter	- 43 155	- 43 155
	Netto driftsutgifter	517 633	516 933
Administrasjon av organisasjon og økonomi	Brutto driftsutgifter	188 875	188 575
	Driftsinntekter	- 12 380	- 12 380
	Netto driftsutgifter	176 495	176 195
Organisasjon og økonomi tiltaksmidlar	Brutto driftsutgifter	9 000	7 000
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	9 000	7 000
Sum	Brutto driftsutgifter	828 066	828 066
	Driftsinntekter	- 58 896	- 58 896
	Netto driftsutgifter	769 170	769 170

2 Omtale av løyvingsnivåa

Politisk styring

Politisk styring omfattar utgifter til politiske utval, gjennomføring av møte i folkevalde organ, partistønad og diverse godtgjersle til folkevalde i ulike organ. Fylkeseldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og medverknadsorgan for ungdom vert også budsjettert her.

Løyvingsnivået er justert opp med 3 mill. kr til stortingsval i 2021.

Kontrollutval

Løyvingane omfattar kontrollutvalet, sekretariat for kontrollutvalet og kjøp av revisjonstenester. Kontrollutvalet skal sjølv handsame budsjettforslag for sitt ansvarsområde. I tabellen har ein i denne omgang vidareført budsjettet frå 2020.

Eigedom - drift og vedlikehald

Dette løyvingsnivået omfattar forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av heile eigedomsmassen til Vestland fylkeskommune. Løns- og personalkostnader til tilsette innan bygningsdrift og reinhald er også budsjettert i dette løyvingsnivået. Overordna mål for den fylkeskommunale eigedomsforvaltninga er at verdien av eigedomsmassen ikkje skal forringast, eigedomane skal vere tilpassa dagens behov og utviklast med omsyn til framtidige behov og mål fastsett i regionale planar og strategiar.

Administrasjon av organisasjon og økonomi

Stabsavdelinga for organisasjon og økonomi skal levere gode fellestenester og sikre forsvarleg drift av Vestland fylkeskommune.

Avdelinga omfattar følgjande seksjonar:

- Politisk sekretariat
- Juridiske tenester
- Økonomi
- Innkjøp
- HR
- Kommunikasjon
- Eigedom

Løyvinga skal dekke løns- og personalkostnadar knytt til seksjonane. Vidare vert hovudtillitsvalde og lærlingar i fylkeskommunen budsjettert her. Andre tiltak som vert budsjettert under avdelinga er opplæringstiltak, organisasjons- og leiarskapsutvikling, personalforsikring, velferdstiltak og kontingentar.

På dette løyvingsnivået er det lagt inn ein auke på 2,5 mill. kr. knytt til fleire lærlingar. Det er og lagt inn 2 mill. kr til auka frikjøp av tillitsvalde.

Tiltaksmidlar

Midlane skal i hovudsak gå til attførings- og omstillingstiltak.

Klimaeffektar

Det er seks hovudoppgåve knytt til klima som drift i eigedom kan og skal fokusere på; avfall, kjemikalie, transport, vedlikehald, energibruk og utstyr til å utføre driftsarbeid.

For avfall er det viktig å leggje til rette for sortering i så mange fraksjonar som er hensiktsmessig med omsyn til vidare behandling hjå renovasjonsselskap, i dette ligg og handtering av komponentar som vert skifta ut i ein driftssituasjon og bygningselement som inngår i eksisterande bygningsmasse. Plassering og tal sorteringspunkt skal vurderast og tilpassast fortløpande for å unngå restavfall i størst mogleg grad.

Drift skal syte for å ha oversyn over førekomst av kjemikalie i alle bygg, fornuftig og forskriftsmessig oppbevaring og bruk av kjemikalie, samt endeleg levering av farleg avfall til renovasjonsselskap.

Det vil ofte vere bruk for transport av både tilsette, innleigde ressursar og ikkje minst material for drift og vedlikehald. I størst mogleg grad skal reiser og materialtransportar planleggjast og koordinerast slik at ein kan unngå unødvendig køyring. Alternativ transport med lågare klimabelastning skal alltid undersøkast og prioriterast.

For vedlikehald av fylkeskommunal bygningsmasse skal material med låg klimabelastning prioriterast. Det er særleg merksemd på bruken av plast, jf. strategien som fylkestinget har vedteke. I tillegg skal løysingar som er effektive, treng lite eller har enkelt vedlikehald og som er forventa å ha lang levetid føretrekkast.

Bruk av energi i fylkeskommunal bygningsmasse skal ha kontinuerleg tilsyn og optimaliserast, identifisering av mogleg forbetringspotensiale ved både enkle justeringar og ved investering som fører til redusert klimabelastning skal og ha høg prioritet.

For utstyr som brukast til drift og vedlikehald skal drift syte for oversyn over tilgjengeleg utstyr inkludert geografisk plassering, dette for å sikre gode tilhøve for koordinering av naudsynte transportar. Vidare skal eige utstyr slik som for tekniske løysingar prioriterast etter behov for vedlikehald, samt naudsynte innleigde ressursar/behov for ekstern service, lokale og regionale behov, levetid og tilknytt bruk av kjemikalie/drivstoff.

3 Endringar frå 2020 til 2021 – tekniske justeringar

Nokre leigeavtalar innan kollektivområdet skal overførast til Eigedom. Dette arbeidet pågår og fylkesrådmannen vil kome attende til dette i budsjettprosessen.

Budsjettet er auka med 2 mill. kr knytt til fellestenester for infrastruktur og veg sine administrasjonslokale.

Ein gjer merksam på at ramma for denne sektoren er korrigert opp med 8 mill. kr i høve til det som framkom i arbeidsdokument 3/20. Forklaringa er fylkestinget i budsjettvedtaket for 2020 vedtok innsparing på 8 mill. kr på konsulentbruk. Då vedteke budsjett vart lagt inn i økonomisystemet, låg denne innsparinga som éin sum under organisasjons- og økonomiavdelinga. Innsparinga vart seinare fordelt på alle avdelingane. Ved utrekning av rammene i arbeidsdokument 3/20, vart det ved ein feil teke utgangspunkt i opphavleg budsjett, ikkje i revidert budsjett, etter at innsparinga var fordelt.

4 Innarbeidde salderingstiltak: 7,5 mill. kr

Stillingsreduksjon knytt til naturleg avgang	3,3 mill. kr
Reduserte forsikringskostnader personal	1,5 mill. kr
Reduserte forsikringskostnader eigedom	0,7 mill. kr
Reduserte tiltaksmidlar	2,0 mill. kr

5 Alternative salderingstiltak: 3,0 mill. kr

Sektoren sine tiltak inngår for ein stor del i det administrative innsparingsprogrammet som er til handsaming i eiga sak til finansutvalet.